



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Frøland, Knut Harald	<b>Arkivkode:</b> FA - Q14
<b>Arkivsaksnr:</b> 11/333	<b>Løpenr:</b> 17/9329
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	19.10.2017	041/2017

### Utbetring av veg til Économusée Fjordtønna

#### Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 50.000 eks. mva. til innleiande prosjekteringsarbeider til utbetring av veg til Fjordtønna. Det skal i prosjekteringsfase vere dialog med Hordaland Fylkeskommune om muligheit til medfinansiering av eventuelt vidare prosjekteringsarbeider og fysisk utbetring av veg opp til Économusée Fjordtønna.

#### Dokument som er vedlagt:

Vidareføring av EU-prosjektet Economusee for perioden 2011 - 2013 (L)(15618)

Tilbud-Indre-Tysse

Kommunal veg til Fjordtønna og fornying av medlemsskap og kontrakt(161104)

Tilkomsten til Economusee Fjordtønna på Tysse(33668)

Tilskot frå næringsfondet til transport til Fjordtønna(79622)

#### 19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) bad om at det vert teke inn i vedtaksframlegget korleis ei eventuell løyving skal finansierast. Ordførar Knut Harald Frøland (BL) slutta seg til dette, og orienterte om at det vert lagt til i vedtaksframlegget hans at løyvinga skal finansierast frå disposisjonsfondet.

Monica Tjønnå (SP) sette fram framlegg om at saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding, og om at saka kjem opp i neste kommunestyremøte. Ho bad også om at det til neste kommunestyremøte blir gjort ei meir utfyllande saksutgreiing, der det mellom anna vert avklart kva plikter kommunen har knytt til vegen til Économusée Fjordtønna.

Olaug Øystese (AP) sette fram framlegg om å utsetja saka. Det vart røysta over

utsetjingsframlegget, som fekk 1 røyst (Olaug Øystese).

Olaug Øystese (AP) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (SP) fram følgjande fellesframlegg frå SP og AP:  
*"Som framlegget frå ordføraren + administrasjonen legg i kommunestyret i desember fram ei juridisk vurdering av kva kommunen har forplikta seg til når det gjeld denne vegen".*

Odd Arne Haga (FRP) sette fram følgjande tillleggsframlegg:

*"Foreslår i tillegg at veien vidare oppover blir vurdert visuelt med tanke på sikkerhet med en tilleggsramme på kr. 10.000".*

Det vart røysta punktvis over framlegga.

Det vart røysta punktvis over framlegga. Både framlegget til ordføraren, framlegget til SP og AP og framlegget til Odd Arne Haga vart samrøystes vedteke.

#### **FORM- 041/2017 Vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 50.000 eks. mva. til innleiande prosjekteringsarbeider til utbetring av veg til Fjordtønna. Det skal i prosjekteringsfase vere dialog med Hordaland Fylkeskommune om muligheit til medfinansiering av eventuelt vidare prosjekteringsarbeider og fysisk utbetring av veg opp til Éconmusée Fjordtønna. Løyvinga vert finansiert av disposisjonsfondet.

Administrasjonen legg i kommunestyret i desember fram ei juridisk vurdering av kva kommunen har forplikta seg til når det gjeld denne vegen.

Vegen vidare oppover blir vurdert med tanke på sikkerheit med ei tilleggsramme på kr. 10.000.

#### **Kva saka gjeld:**

Samnanger kommunen fekk 16.08.2017 brev frå Norges Vel kor det er framheva at Éconmusée Fjordtønna risikerer å ikkje få fornye si kontrakt som Éconmusé som følgje av at det ikkje er tilkomst for bussar på vegen opp til Fjordtønna.

Samnanger kommunen har tidlegare forsøkt å forbetre vegen utan positivt resultat. Som alternativ til utbetring av veg vart det i formannskapsmøte 25.06.2017 løyvd kr. 10.000 til finansiering av transport for besøkjande som ikkje er i stand til å gå opp. Denne løyvinga gjaldt for 2014. Fjordtønna har opplyst til ordførar at denne løysinga er krevjande å lukkast med då tida ikkje strekk til med «knappe» tidsbudsjett for besøkjande turistbussar.

Slik vegen er no er det hefta med stor risiko å «prøve seg fram» med fysiske tiltak. Det heftar og usikkerhet til kor omfattande prosjektering av utbetring av veg vil bli men truleg vil innleiande prosjektering gje tilstrekkeleg informasjon til at me får kjennskap til kva ein eventuelt vidare prosess med å utbetre vegen vil krevje av ressursbruk.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Samnanger treng meir næringsliv og turisme og det vil vere gledeleg for både Fjordtønna, Samnanger kommune, Hordaland Fylkeskommune og Norges vel om denne saka finn ei akseptabel og god løysing.